



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7

November 1976

30. årg.

Det er advents tid

Me er no komne inn i det avsnittet av kyrkjeåret som ber namnet «Adventstida». Advent tyder «å koma» eller «Han som kjem». Adventstida, fire veker fram til Jul, er ei førebuingstid og ei ventetid. Guds folk venta på han som skulle koma, han som var lova, og som profetane såg fram imot, han som skulle frelsa verdi.

Me som lever i dag, me veit at han kom. Det var ikkje tome forventingar dette at ein frelsar skulle koma til vår jord. Då tidi var fullkomi, sende Gud sin son, fødd av ei kvinna, og han fullførde frelsesverket. Kvar den som kallar på han, skal verta frelst.

Er so adventstida forbi, har me ingen ting meir å venta på, eller førebuing oss til? Jau det har me. Me lever ogso no i ei adventstid. Adventstida no, forkynter at han som ein gong kom, vart sveipt og lagd i krybba, han skal ein gong koma att. Og denne gongen

ikkje som eit lite barn, men som kongars konge og Herrens herre. Alle skal sjå han når han kjem, ogso dei som har gjenomstunge han. Alle kne skal bøye seg for han, — ogso deira kne som som ikkje ville tru på han, men som spotta han, og forfylgde dei som trudde på han.

Me veit ikkje dag og time når han kjem. Men han gav oss ein del teikn og merke som, når me ser dei skje, skal me vita at no er han for døri. Me ser idag at mange av desse teikni vert oppfylte for augo våre. Me kan ikkje unngå å sjå det, dei er so klære. Difor veit me at han kjem snart.

Når han kjem att, er det for å føre alle sine over til den nye jord, der rettferd bur, der synd og sorg, hat og død ikkje er meir.

Ogso tida no, er ei ventetid og ei førebuingstid, ei adventstid. Kva skal me so gjera i denne ventetida? Me

skal sjå til at me hev olje på lampen, so me kan ta imot han når han kjem. Med andre ord: Me skal sjå til å få vår sak med Gud i orden, slik at Gud kan få gjere det han so gjerne vil få gjere for oss alle, nemleg dette å gi oss sin ufortente nåde, og kasta alle våre synder i havets djup, bak sin rygg.

Når me gjer det kan me venta med frimod og glede på vår Herre Jesu Kristi atterkoma.

Lars Bjørsvik.



Heimlov for trugne tenarar

Nyleg har to trufaste tenarar i Vaksdal prestegjeld fått heimlov.

Sokneprest Nikolai Lien døydde 17. september, 72 år gamal. I 15 år, 1947—1962, var han prest i Vaksdal med bustad på Dale. Hans bramfrie ferd, og trufeste teneste i Kyrkja, vil lenge bli hugsa av mange. Det var i hans prestedid på Dale, at den vakre Dale Kyrkja vart reist. Her la Lien ned eit stort arbeid som viser att i kyrkja ogso no etter at han sjølv er borte.

Anton Strøm-Nilsen var sokneprest her i 9 år, 1938—1947, med bustad på Bruvik. Han stille audmjuke ferd mellom folket, og hans nådegåve som sjelesyrgjar og forkynnar, gjorde at han fekk mange vener, og fekk bli til hjelp for mange. I krigens år, då kørkje bil eller motorskyss var for handa, tok han seg slitsamt, men trufast, fram i vårt vidstrakte prestegjeld.

Ingen av desse to var robuste lekamleg sterke menn, men dei gav seg heilt i tenesta for sin Herre, og for folket dei var sett til å tena. Det vil

endå lenge spira i deira fotefar.

Me takkar Gud for desse to trufaste tenarar i Kyrkja, og lyser signing og fred over deira minne.

L. Bj.

10 små kirkefolk

10 små kirkefolk gikk på kirkesti, regnet skremte en av dem, og dermed var de 9

9 små kirkefolk ut av sengen trådte, den ene sov for lenge, og dermed var de 8

8 små kirkefolk, solen skinner nu, en dro på hytta, og dermed var de 7

7 små kirkefolk kom fra et kompleks, en gikk på trening, og dermed var de 6

6 små kirkefolk holdt av sine hjem, en satt foran TV'n og dermed var de 5

5 små kirkefolk så sin hage spire, en rakte løv og dermed var de 4

4 små kirkefolk av og til å se, en ble støtt av presten, og dermed var de 3

3 små kirkefolk sang om håp og tro, for en var salmen ukjent, og dermed var de 2

2 små kirkefolk satt i komiteen, der ble de usams, og så var det 1

1 liten kirkemann slet ut sine sko, hilste på en ensom, og dermed var de 0

2 små kirkefolk fikk troen til å spire, først hos sine venner, og dermed var de 4

4 små kirkefolk lærte at de måtte spre litt tro og glede og dermed var de 8.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne

B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Staten og kyrkja

Sokneråda i Vaksdal Prestegjeld ser det som turvande at spørsmålet Stat og Kyrkja vert drøfta og mogelege endringar vert utgreia og lagt fram til endeleg avgjerd. Den kristne budskapen er den same, men tidene skiftar, det er difor rett å spørja om den styreform kyrkja har hatt i slektene før oss, ogso er den som høver best for folk og tilhøve idag.

Sokneråda i Vaksdal Prestegjeld har hatt fellesmøte og drøfta spørsmålet, og sett opp fylgjande uttale:

1. Det Norske folket er best tent med at Den Norske Kyrkja er nære knytta til Staten som ei statskyrkje. Dette at Kyrkja er ei statskyrkje, gjev henne ei kontaktflate og arbeidsvilkår som ho vanskeleg ville få tilsvarende om Stat og Kyrkja vart skilde.

Men sokneråda finn at når det gjeld kyrkja sin administrasjon, er det visse endringar som er turvande.

2. Når det gjeld Kyrkja sitt indre styre, tolking av den kristne tru, ordning av gudstenesta, godkjenning av autoriserte lærebøker i Kristendom i

skulane våre o.l., bør Kyrkja ha full fridom og vedtaksrett.

3. Økonomien: Ettersom 95 % av det norske folket høyrer til Den Norske Lutherske Kyrkja, er det naturleg at det Kyrkja treng av økonomiske midlar, kjem inn over det offentlege budsjett. Slik har forholdet vore, og er i dei andre organiserte kyrkje i landet, og det bør og kunne bli slik i Den Norske Lutherske Kyrkja. Når eit kyrkjebudsjett er vedteke, bør Kyrkja administrere dette.

4. Når det gjeld den øvste leiling av Kyrkja, som kall og utnemning av prestar og bispar o.l. bør tilhøvet mellom Stat og Kyrkja — Kyrkjedepartement og Kyrkjeråd — utgreidast og vurderast nærare, med sikte på at Kyrkja har avgjerande vedtaksrett i slike saker. Eit politisk styre må ikkje kunne påtvinga Kyrkja tenarar som Kyrkja ikkje ynskjer. Staten bør delegera utnemningsretten til Kyrkja, utan at Stat og Kyrkja dermed vert skilde.

Kyrkjesal ved Dale Kyrkje

Framover hausten har det vore innsamling til kyrkjesal ved Dale Kyrkje. Ved utlodding og gaver, er det i alt kome inn omlag kr. 19.000,—. Innsamlinga har vist at det er stor interesse for denne saka. Det er mange som no ser klårt at det er mykje turvande og at det hastar med å få reist dette bygget.

Me takkar alle glade gjevarar!

«Kom til meg»

*Snart får jeg gå inn perleporten,
Når min Frelser henter meg,
Være med i bryllups-salen,
blånt den store skare der.
Jeg skal synge blant de frelste,
og få være Jesu brud,
Takke ham som for meg døde,
Og som kjøpte meg til brud.*

*Jeg som en gang vandret borte,
vandret om på syndens vei, —
Men så høgrte jeg en stemme,
«Se mitt barn, Jeg elsker deg.
Kom til meg du usle arme.
Jeg kan gi ditt hjerte fred, —
Føre deg fra syndens veie,
gi ditt hjerte Gi deg evig salighet.»*

*Nu jeg vandrer glad her nede
på den gamle pilgrimsvei,
Men det er en herlig glede
å få følge Jesus her.
Daglig får vi sammen tale,
Og han dekker bord for meg.
Av de kosteligste retter,
ved ditt bord han gir til meg.*

*Kom og du som er langt borte,
har i hjertet ingen fred,
Jesus kan, og vil deg løse
i fra syndens skam og ve.
Hjertet ditt blir fylt av glede,
og du syng' den nye sang,
Dagen blir så rik og herlig,
og du går mot himlens land.*

*«Kom til meg alle I som strever
og har tungt å bære,
Jeg vil gi eder hvile».*

B. Faugstad.

Hausvik og Faugstad ^{As}

Vaksdal

Telefon 3603.

Bergen søndagssk.krets 75 år

Søndagsskulen, arbeidet med å samla borna til spesielle møter, var eit arbeid som tok til i England omkring 1780. Borna vart samla, gjerne delt i små grupper etter alderen, og med kvar sin lærar. Dette arbeidet viste seg å ha livets rett, og det har spreidd seg over alt der den kristne kyrkja når, også til misjonskyrkjene. Bergen Søndagsskulekrets vart skipa for 75 år sidan. Eit stort og trufast arbeid har dei lagt ned gjennom alle desse åra. Dei som stod i arbeidet for 75 år sidan, har nok gått inn til kvila, men nye er kome med inn att i arbeidet.

Har du barn eller barnebarn? Dei vert snart vaksne, og må ut i livet på eiga hand. La dei få gå ut i livet med mange gode barneminner frå søndagsskulen dei gjekk til då dei var små. Send barna til søndagsskulen!

Livet vårt

Livet vårt er son ein underleg vev.
Ingen veit kor lang renning ein hev.
Kvar ein time, kvart minutt som går,
vert eit innslag i veven vår.
Det er som ein skyttel som sviv og renn
og vev inn eit mønster ein dag i senn,
frå fyrste dagen me låg i vogga,
og til den siste, når skyttelen stogga.

Snøgg reaksjon

Det vart i sist nummer av kyrkjebladet oppmoda å støtta innsamlinga til piano i Vaksdal kyrkje. Pianoet er for lengst på plass. Ja, det var allerede på plass før kyrkjebladet kom ut. Me vil takka for god støtte og ikkje minst Ungdomskoret som gjekk i brodden for innsamlinga. Kakeutlodning samla fullt hus og over 3000,— kroner kom inn.

Ungdomstreff i Samnanger

Den 27. november vert det felles ungdomstreff med Samnanger i ungdomshuset i Nordvika (Kroken). Ungdomskora frå Samnanger, Vaksdal og Stamnes vert sjølv sagt med. Me vonar på like stor tilslutning som sist. Busar vert sett opp frå Stamnes.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Håkon Bergstad, fødd 10. juli 1976, døypt 26. sept., Bustad Ytre Arna.

Michael Knut Haug, fødd 10. febr. 1975, døypte 17. okt. 1976. Bustad USA.

Anne Katrine Fenne, fødd 27. jan. 1976, døypt 26. sept.

Jannike Fotland, fødd 3. aug. 1976, døypt 24. okt.

Ann-Kristin Meland, fødd 15. juli 1976, døypt 24. okt.

I den fyrste tid, medan me er barn,
slår me i veven så ljust eit garn.
Sidan vert det so ofte ein knute,
som helst me ynkste at veven var ute.
Men me kan 'kje skyttelen tilbake slå,
og ikkje knuten or veven få.
Før tida ho går, og skyttelen sviv,
og livs-soga vår i veven han skriv.

I ungdomen vert ofte tida for kort,
og garnet det renn mellom fingrane fort.
Skyttelen sviv, han renn og han dansar,
og tida fer frå oss før rett me det sansar.
Men i veven vår vev me kvar einaste dag,
mønster av mange ulike slig.

Stundom me sulkar det garnet me spinn,
som skyttelen slår i veven vår inn
så stygge merke i veven seg lagar
og dei lyt stå der alle våre dagar.
Det hender stundom me kvir oss då,
å rulla opp veven og på mønsteret sjå.

Ja, kurine me hugsa at for kvar deg me spinn,
eit innslag me stadig veven slår inn
og at livet me lever frå dag til dag
vert mønster i veven av ymse slag.
Me kan 'kje på feilen i veven klaga,
for hugs, me sjøve so mønstret har laga.

Ingen kan vaska veven vår rein,
utan ein einaste, einaste ein.

Ja, legg me vårt liv og vår vev framfor Han
— Han tveittar og reinsar. Han vil og Han kan!

Frå «Kyrkje og Heimbygd.

Innsendt av M. L.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET

Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

VAKSDAL:

Tonje Olsnes, fødd 5. juli 1976, døypt 19. sept.

Siren Hisdal fødd 29. juli 1976, døypt 19. sept.

Kato Furubotn, fødd 12. juli 1976, døypt 10. okt.

Anita Helen Boge, fødd 24. juli 1976, døypt 24. okt.

Trond Magne Olsnes, fødd 26. juli 1976, døypt 24. okt.

STAMNES:

Egil Kaland, fødd 6. aug. 1976, døypt 3. okt.

Yngve Simmenes fødd 31. aug. 1976, døypt 31. okt.

Ørjan Solheim Hammersland, fødd 22. juli 1976, døypt 31. okt.

Ragnhild Vassenden, fødd 30. aug. 1976, døypt 31. oktober.

NESHEIM:

Øystein Brekklus, fødd 11. aug. 1976, døypt 19. sept.

Torgeir Nesheim Vaular, fødd 26. april 1976, døypt 19. sept.

Kjell Arne Gullbrå, fødd 24. aug. 1976, døypt 19. sept.

VIGDE:

DALE:

Geir Egil Peder Johnsen og Bjørg Jakobsen, vigde 18. sept. 1976.

Inge Haugland og Nina Heimdal, vigde 25. september.

John Gudmund Høvik og Solveig Brekklus, vigde 25. sept.

VAKSDAL:

Olav Kåre Kusslid og Kirsten Boge, vigde 10. juli.

Henning Kvam og Britt Tolås, vigde 11. sept.

Nils Jamne og Helen Stangeby, vigde i Holmen kyrkje, Sigdal 18. sept.

Terje Sæterdal og Ingvild Jakobsen, vigde 9. oktober.

NESHEIM:

Odd Ivar Øksnes og Kari Nesheim, vigde 26. juni.

AVLIDNE:

DALE:

Ingvald Grøttå, fødd 1. sept. 1908, døyde 7. okt. 1976, gravlagd 14. okt.

Johanne Waldemarsen, fødd 14. juni 1914, døyde 29. aug. 1976, gravlagd 4. sept.

Janne Andersen, fødd 6. aug. 1914, døyde 16. sept. 1976, gravlagd 24. sept.

BERGSDALEN:

Nikolina Berge, fødd 20. mars 1904, døyde 4. okt. 1976, gravlagd 9. okt. i Bergsdalen.

VAKSDAL:

Emilie Sæterdal, fødd 21. okt. 1881, døyde 15. okt. 1976, gravlagd 21. okt.

STAMNES:

Jon Brørvik, fødd 9. mars 1973, døyde 20. sept. 1976, gravl. 25. sept.

EIDSLAND:

Dorthea Jakobsen, fødd 20. juni 1903, døyde 20. sept. 1976, gravlagd 25. sept.

EKSINGEDALEN:

Thea Høvik, fødd 3. mai 1896, døyde 22. sept. 1976, gravlagd 27. sept.

**FRAMFOR ALT SOM DU VAKTAR,
TAK VARE PÅ HJARTA,
FOR LIVET GJENG UT FRÅ DET!**

Ordspr. 4:23.

Velkomen til Kyrkja

23. søndag etter Triaening, 21. november:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

Stamnes Kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Steinnes.

1. søndag i Advent, 28. november:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Offer til Nordhordl. Indremisjon. Nattverd.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen.

2. søndag i Advent, 5. desember:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Dale Kyrkje kl. 18.00. Konsert. Organist Skage m. fl.

Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Kveldsgudsteneste. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Eidsland Kapell kl. 11.00. Gudsteneste for Eidsland og Modalen. Prestane Hitland og Bjørsvik.

3. søndag i Advent, 12. desember:

Stamnes Kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. Andakt ved sokneprest Bjørsvik.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Laurdag 18. desember:

Bergsdalen Kyrkje kl. 17.00. Julekonsert. Andekt ved Soknepresten.

4. søndag i Advent, 19. desember:

Eidsland Kapell. Sokneprest Bjørsvik. Gudsteneste og julekonsert.

Dale Kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. Offer til Den nye kyrkjesalen ved Dale Kyrkjé. Andekt ved sokneprest Bjørsvik.

Vaksdal Kyrkjek l. 18.00. Julekonsert. Andakt ved Res. kap. Steinnes. Kollekt.

Sjå elles kunngjering i lokalblada.

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag, Tysdag, Ons-
dag og Fredag .. 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag og Fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA

Dale Handelsforening
Dalekvam

TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING

Dalekvam

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{2}$

Tlf. 2240 DALEKVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{2}$

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arth. og Arne Vaksdal
HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712, Snarkjøp 3710,

Kjøp i Dykkar eigen forretning